



Kunnskapsdepartementet

Postboks 8119 Dep
0032 OSLO

Deres ref

Vår ref

Dato

2023/15950-TOVST

12.12.2023

Hørings svar frå UiB: Forslag til endringer i reglene om hvem som kan ansettes i lærerstilling mv.

Vi viser til høyring om overnemnde og takkar for invitasjonen til å kome med innspel.

Vi støttar framlegg til endringar i reglane for kven som kan tilsetjast i lærarstilling, dvs. at det skal lovfestast krav om lærarutdanning. Vi støttar òg framlegg til endringar om lærarpraksis, dvs. at lærarpraksis («pedagogisk praksis») ikkje skal vektleggjast for å vurdere om ein søkjar har tilsvarende profesjonskompetanse som lærarutdanninga gir. Vidare gir vi støtte til framlegg om å tydeleggjere i lova at ein må vere tilsett i lærarstilling for å ha fagleg ansvar for opplæringa.

Slik vi ser det, vil framlegg til endringar bidra til å styrkje status til lærarprofesjonen og lærarutdanninga, og det vil òg bidra til å styrkje kvaliteten i skulen.

Vi har merka oss at det gjennomgåande er den «pedagogiske» kompetansen som vert omtala og vektlagd, medan fagdidaktisk kompetanse ikkje blir nemnt. Lærarutdanning blir konsekvent omtala som «pedagogisk» utdanning. Dette er etter vårt syn uheldig, og det er ikkje i samsvar med måten lærarutdanning blir omtala på i rammeplanar for ulike typar lærarutdanning. Vi vil føreslå at ein i staden for å tale om pedagogisk utdanning bruker nemninga lærarutdanning, og at ein presiserer at det (jamfør rammeplanar) skal krevjast både pedagogisk og fagdidaktisk kompetanse av dei ferdig utdanna lærarane. Dette bør spesifiserast i lovteksten.

Venleg helsing

Margareth Hagen
rektor

Tore Tungodden
universitetsdirektør

Dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen handskrevne signaturer.